# Årsmøte i Røysaleite grendalag 2021

Til stade: Sindre Ramung, Mari Aune, Hilde Katrine Engeli, Gisle Storøstevik, Ruthild Dale, Rune Røysum, Nils Magne Slinde, Idun Husabø, Linn Sofie Ugulen

***01.03.2021 kl.20.30-21.45 – digitalt møte på Teams***

| **Sak:** | |
|---|---|
| **1. Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| **2. Val av møteleiar og skrivar** | Møteleiar: Sindre Ramung<br>Skrivar: Linn Sofie Ugulen |
| **3. Årsmelding** | Sindre presenterer årsmeldinga<br>• Lage booking og «skikk og bruk»-liste for bruk av reiskapar.<br>• Vurdere booking på lavvoen |
| **4. Val** | Vi takkar av Rune Røysum. Gjort ein solid innsats som styremedlem i 6-7 år.<br>Valnemnda innstiller Gisle Storøstevik som nytt medlem i styret. Vi ønskjer han velkomen i styret.<br>Sindre vart vald som styremedlem for to nye år.<br>Hilde Katrine og Ruthild vart valde som vara for eitt nytt år. |
| **5. Rekneskap** | Rekneskapet for 2020 |
| **6. Kontingent** | Kontingentsatsen blir ståande på kr. 200. |
| **7. Handlingsplan** | Sindre presenterer handlingsplanen for 2021<br>Innspel til handlingsplanen:<br>• Ballplass – årsmøtet ønskjer å ruste opp dekket, skal vere enkelt å vedlikehalde. Halde konstruksjonen på eit minimum, og vurdere heller ballnett på sikt. Må vere mogleg med alternativ bruk.<br>• Leggje til rette for vekst av eng på områder vi ikkje treng å nytte til anna.<br>• Brunsnegleaksjon 2.0 – prøver igjen i år. Var problem med leveransar i fjor. Viktig med låg terskel, få mange med.<br>• Forslag om spleiselag for kommunen – grendalaget betalar lykt, kabling, etc. og kommunen står for straum og forskriftsmessig oppsett. Vurdere eventuell plassering. Avvente svar frå kommunen.<br>• Opprusting leikeplassar Stytti og Nilstræet. Rydde vegetasjon.<br>• Leggje til rette for eldre ungar – laftestokkar, byggjesett eller liknande. Elles vere ope for at ungane kan vere kreative, lage hytter og liknande.<br>• Landskapspleie og rydding på fellesareal.<br>Tiltak på handlingsplanen er med atterhald om dugnadsinnsats og budsjettdekning.<br><br>Vedteke i årsmøtet. |